

Skintveit Bygg AS
C/o Lars-Erik Skintveit Nordgardsleitet 56A
5137 MJØLKERÅEN

Referansar:
Dykkar: Lars-Erik Skintveit
Vår: 21/1202 - 21/19829

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
22.03.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 347/10 Rossland

Tiltak: Bruksendring frå driftsbygg til bueining
Byggjestad: Gbnr: 347/10
Tiltakshavar: Glenn Rossland
Ansvarleg søkjar: Skintveit Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.02.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Søknaden sendt inn som eitt-trinns sak, men det er ikkje alle ansvarsrettar som er sendt inn og saka inneheld fleire manglar.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Gjennomføringsplan inneheld berre to ansvarsområder: søkjarfunksjon og utførande røyrleggjar, men det skal oppgjevast alle ansvarsområder som PRO arkitektur, UTF tømrrarbeid, PRO sanitærinstallasjonar, uavhengig kontroll for våtrom, lufttetttheit, etc.
2. Gjennomføringsplan skal oppdaterast med fleire ansvarshavande. I tillegg går det fram av gjennomføringsplanen at arbeidet er avslutta for både søkjar og utførande røyrleggjar, dato frå erklæring av ansvarsrett er skrevet i feil rubrikk. Arbeidet kan ikkje vere avslutta før løyve er gjeve.
3. Det er avkryssa i søknaden for fråvik frå TEK, men det skal definerast kva punkt i TEK det er søkt fråvik frå og grunngjevast med kompensierende tiltak, evt. lagast utgreiing for kvar punkt.
4. Det er ikkje opplyst bruksareal/bygd areal på ny bueining. Det skal opplysast både samla bruksareal for tomten og reknast ut grad av utnytting for eigedommen.
5. Det skal sendast søknad om tilkopling til kommunalt vatn av bueining nr.2 til Samferdsel-, veg-, vatn og avløpsavdelinga.
6. Situasjonsskart frå Alver kommune skal nyttast og avstand frå tiltaket til veg, nabogrenser skal visast. Det skal visast uteopphaldsareal for 2 bueiningar: 200 m² per

- bueining på situasjonsplanen. Det skal visast parkeringsareal 4 parkeringsplassar på eigeidommen for 2 bueiningar.
7. Det er ikkje sendt inn planteikningar av lòa før bruksendring. Planteikning av 2 etasje er sendt utan rominndelinga. Planteikningar av begge etasjar før og etter skal sendast inn.
 8. Etablering av ny bueining krev søknad om utvida utslepp. Det vart tidlegare i 2003 godkjent minireinseanlegg med kapasitet for 1 eksisterande bustad-våningshus. Søknad skal handsamast av Miljø og tilsynsavdeling. Byggesak har fått svar frå Miljø og tilsyn at eksisterande godkjent minireinseanlegg type Biovac FD 5N er ikkje nok for 2 bueiningar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.05.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Glenn Rosslund Skurtveitvegen 8 5917 ROSSLAND

Mottakarar:

Skintveit Bygg AS C/o Lars-Erik Skintveit 5137 MJØLKERÅEN
Nordgardsleitet 56A